

Forslag til Vedtektsendringer

Vestland SV – Årsmøtet 2023

Forslagsnr	V1
Linjenummer:	70-83
Paragraf:	§ 4-2 Samansetjing av fylkesstyret
Type forslag (stryk, endre, legge til, flytte):	Endre
Forslagsstiller:	Fylkesstyret
<p>Til å leie fylkeslaget si verksemd vel fylkesårsmøtet eit styre med leiar, politisk nestleiar, organisatorisk nestleiar, økonomiansvarleg, kvinnepolitisk ansvarleg, fagleg ansvarleg, folkevald ansvarleg, miljøpolitisk ansvarleg, distriktpolitisk ansvarleg, ein representant frå SU, i tillegg til tre styremedlemer.</p> <p><u>Fylkesleiar og to nestleiarar skal veljast ved særskilt val. Vala til leiar og nestleiarar gjeld for eitt år i gongen. Andre styremedlemer òg vert valde for 2 år. Ein skal søkje å få til ei rullering slik at om lag halvparten av styremedlemmene er på val kvar år. Viss ein styremedlem må trekkje seg i valperioden, kan fylkesstyret fatte vedtak om supplering. Slik supplering gjeld då til neste årsmøte.</u></p> <p>Fylkesleiar og to nestleiarar skal veljast ved særskilt val. Vala til leiar og nestleiaroppgåva gjeld for eitt år i gongen.</p> <p>Fylkesårsmøtet gjer framlegg om landsstyrerepresentantar med tre vararepresentantar for landsmøteperioden. Landsstyrerepresentantar og vara skal vere medlem av fylkesstyret.</p>	
Grunngjeving:	Tydeleggjere kven som skal veljast for høvesvis eit eller to år. Punkt om supplering ved fråfall.
Fylkesstyret si innstilling:	Vedtakast

Forslagsnr	V2
Linjenummer:	104-107
Paragraf:	§ 4-7 Utvida fylkesstyremøte
Type forslag (stryk, endre, legge til, flytte):	Legge til etter siste setning.
Forslagsstiller:	Fylkesstyret

Utvida fylkesstyremøte er eit rådgjevande organ. Det er fylkesstyret som fattar vedtak etter å ha fått innspel frå lokallaga.

Grunngjeving:	<p>Utvida fylkesstyremøte blir i dag nytta til mellom anna valkampplanlegging og –evaluering. Desse møta er varsla i god tid. Men utvida fylkesstyre kan og kallast inn i situasjonar der fylkesstyret på kort varsel ønskjer å få innspel frå lokallaga. I dagens vedtekter er det ikkje regulert kven som har røysterett i eit slikt møte.</p> <p>Berre det årsmøtevalde fylkesstyret kan stå til ansvar fylkesårsmøtet. Eit utvida fylkesstyre ikkje vil vere representativt i ein slik grad at dei bør ha røysterett. For ordinære utvida fylkesstyremøte er det sjeldan ein fattar vedtak ved votering. Dei gongene ein kallar inn på kort varsel vil det vere mange, spesielt små lag som ikkje klarar å møte. Det blir difor ikkje eit representativt organ, og intensjonen om å gjere vedtaka meir demokratiske vil difor ikkje vere reelle.</p>
Fylkesstyret si innstilling	Vedtast
Dissens	<p>Eit mindretal på 1 (Cobo) vil heller vedta følgjande tekst:</p> <p><u>Utvida fylkesstyremøte kan fatte vedtak med alminneleg fleirtal når meir enn halvparten av det årsmøtevalde fylkesstyret og fleire enn halvparten av dei innkalla samla sett er til stades. Dersom dette vilkåret ikkje er oppfylt, er det fylkesstyret sine representantar som formelt fattar vedtak.</u></p>
Grunngjeving, mindretalet	<p>Det er demokratisk at lokallaga får røysterett i desse møta, men kort varsel gjer at det kan bli få lokallag som klarar å møte, at det slik kan bli tilfeldig kven som blir høyr. For å redusere sjansen for at nokre få lokallag får større påverknad på viktige saker enn andre, er det lagt inn ei formulering om at minst halvparten av dei som er innkalla til møtet må vere til stades for at lokallaga skal få røysterett.</p>